

ÅRSMELDING 2025



Utdrag frå Røde Kors sitt mandat og hovudprogram

KVEN VI ER

Røde Kors sitt oppdrag er å avdekke, hindre og lindre menneskeleg naud og liding. Vår innsats er forankra i lokale behov, og tek utgangspunkt i ressursar, kompetanse og lokale forhold.

Røde Kors driv si verksemd i samsvar med Røde Kors- og Røde Halvmåne-rørsla sine sju grunnprinsipp:

- Humanitet
- Upartiskheit
- Nøytralitet
- Uavhengigheit
- Frivilligheit
- Einskap
- Universalitet

Gjennom lokalforeiningar, distriktsforeiningar, nasjonalforeininga og søsterforeiningar over heile verda, er Røde Kors der menneske er for å hjelpe dei som treng oss mest. Vi er talspersonar for menneske i utsette livssituasjonar og er i beredskap for å møte humanitære behov, no og i framtida.

Røde Kors i Noreg er del av Røde Kors og Røde Halvmåne-rørsla, som er verdas største humanitære nettverk. Gjennom søsterforeiningar i nesten alle land og deira lokale frivillige, er Røde Kors til stades for å hjelpe dei som treng det mest – både før, under og etter katastrofer og kriser, væpna konflikt og vald. Vi samarbeider tett med alle delar av rørsla for å sikre at humanitære aktivitetar vert gjennomført.

Røde Kors er den største, frivillige humanitære organisasjonen i Noreg. Vi er pådrivarar for å auke kunnskapen om, og respekta for, internasjonal humanitær rett, menneskerettane og flyktningretten. Vi er ein beredskapsorganisasjon der alle ledd er klar til innsats, vi er ein viktig del av den norske redningstenesta, og ein naturleg del av den norske totalberedskapen. Gjennom kongeleg resolusjon av 14.08.1907 og 21.08.2009 er Røde Kors støtteaktør for norske styresmakter; våre aktivitetar skal støtte og utfylle tenestetilbodet til det offentlege.

Røde Kors er ein medlemsstyrt organisasjon og utfører humanitære aktivitetar i lokalsamfunnet gjennom frivillige i våre lokalforeiningar, og internasjonalt, gjennom søsterforeiningar og i rørsla. Vår innsats er forankra i lokale behov og lokalt samarbeid.

Røde Kors i Norge er organisert i tre nivå; lokalt, distrikt og nasjonalt. Internt er vi delt i tre område: Røde Kors Hjelpekorps, Røde Kors Omsorg og Røde Kors Ungdom. Alle nivå og område er plikta til å styre verksemda si etter dei måla og prioriteringane som er gjort i Røde Kors sitt hovudprogram, som er vedtatt av Landsmøtet kvart tredje år.

Lokalforeiningane tilpassar sine planer og sitt arbeid til lokale behov, og er avgjerande for å drifte og utføre humanitær innsats lokalt. Distrikta bistår lokale ledd med rådgjeving, tilrettelegging og opplæring, er pådrivarar for å nå måla i hovudprogrammet, og er koordinator og bindeledd mellom lokalt og nasjonalt nivå. Nasjonalt nivå representerer Røde Kors ovafor nasjonale styresmakter, og bistår distrikt og lokale ledd med råd, tilrettelegging og opplæring.

Landsmøtet er høgste organ i Røde Kors. Landsstyret vert vald av Landsmøtet og fylgjer opp hovudprogram gjennom vedtak om prioriteringar. Organisasjonen sine prosesser er opne og basert på samarbeid.

KVA VI GJER

Alle organisasjonsledd skal legge Røde Kors-vurderinga til grunn for sine planar og prioriteringar:

1. Det skal vere eit udekkta behov blant menneske i utsette livssituasjonar.
2. Aktiviteten skal vere ein naturleg del av vårt oppdrag og i samsvar med våre prinsipp.
3. Behova er ikkje dekkta av andre med betre kompetanse eller med meir naturleg forankring.
4. Røde Kors har kompetanse og ressursar til å utføre oppgåva.

Hovudprogrammet er ei treårig konkretisering av «Langtidsplan for Norges Røde Kors 2020-2030». Langtidsplanen følgjer Det Internasjonale Forbundet av Røde Kors- og Røde Halvmåne-foreininga sin «Strategy 2030» og viser Røde Kors i Noreg sine prioriteringar:

Strategiske mål:

- Menneske er budde på, overlever og kjem seg raskt etter kriser
- Menneske lever trygge, sunne og verdige liv, med høve til utvikling
- Menneske mobiliserer for inkluderande og fredelege lokalsamfunn

5 globale utfordringar: Dei største risikoane og utfordringane vi skal møte:

- Klima- og miljøkrise
- Kriser og katastrofer i utvikling
- Aukande ulikskap i helse og velvære
- Migrasjon og identitet
- Verdier, inkludering og makt

Organisatoriske mål:

- Legge til rette for sterke og effektive lokale ledd
- Inspirere og mobilisere frivilligheit
- Sikre tillit og ansvarligheit
- Arbeide effektivt som eit nettverk
- Påverke til humanitær handling
- Gjennomføre digital omstilling
- Sikre finansering for framtida

I hovudprogrammet for 2024-2026 er det fastsett at Røde Kors i Noreg har fire samfunns mål:

- **Humanitære verdier:** Vi er ei sterk stemme for humanitære verdier
- **Redde liv:** Menneske er budde på, responderer på og kjem seg raskt etter kriser
- **Trygg oppvekst:** Barn og unge utviklar seg i trygge omgjevnader, prega av inkluderande fellesskap.
- **Fellekap og livsmeistring:** Menneske opplever livsmeistring og har tilgang til inkluderande fellesskap gjennom alle fasar av livet

KORLEIS VI ARBEIDER

Røde Kors har tre organisatoriske mål:

- **Styrke frivilligheita:** Vi inspirerer, mobiliserer og klarer å få medlemmer og frivillige til å bli
- **Open og endringsdyktig:** Vi vidareutviklar oss som ein open, inkluderande og mangfaldig organisasjon.
- **Berekraftig framtid:** Vi styrkar inntektene, reduserer klimaavtrykket og arbeider framtidsretta med digitalisering

Innhold

Utdrag frå Røde Kors sitt mandat og hovudprogram	2
Oversyn innhald	4
Distriktsstyret - Årsmelding 2025	5
Beredskapsutvalet - Årsmelding 2025	6
Distriktsråd hjelpekorps - Årsmelding 2025	8
Distriktsråd omsorg - Årsmelding 2025	12
Distriktsråd ungdom - Årsmelding 2025	16
Internasjonalt utval - Årsmelding 2025	18
Humanitært påverknadsarbeid - Årsmelding 2025	19
Lokal kapasitet; rekruttering og medlemspleie	20
Opplæring, Henry og ettersamtale	22
Digitalisering og personvern	23
Årsmøte og samlingar	25
Haugland	28
Økonomi	29
Rekneskapsprinsipp	30
Aktivitetsrekneskap 2025	31
Balanserekneskap pr 31.12.25	32
Notar til rekneskapen	33
Revisjonsmelding	37
Oversyn styret, tillitsvalde og tilsette	38

Sogn og Fjordane Røde Kors

Årsmelding 2025, org.nr. 983 198 422

Sogn og Fjordane Røde Kors er eit sjølvstendig organisasjonsledd og representerer Røde Kors i Sogn og Fjordane. Røde Kors sitt oppdrag er å avdekke, hindre og lindre menneskeleg naud og liding.

Distriktsorganisasjonen arbeider for Røde Kors sine prinsipp og føremål, legg til rette for at lokale Røde Kors-foreiningar har eit humanitært tilbod, støttar dei ved fellestiltak og aktivitetar det vert bede om støtte til. Sogn og Fjordane Røde Kors er koordinator og bindeledd mellom lokalforeiningar i distriktet og nasjonalt nivå i Røde Kors, og har kontoradresse i Førde.

Røde Kors har aktivitet i alle 18 kommunane i distriktet i 2025. Det var aktivitet i 26 lokalforeiningar, 28 hjelpekorps, seks ungdomslag og 25 omsorgstenester – inkludert besøksteneste og barnehjelp, samt lokale migrasjonsaktivitetar og aktivitetar for og med barn og ungdom. Det er god grunn til å rose alle frivillige i alle lokale ledd for engasjert og stor innsats i både humanitær og organisatorisk aktivitet. Mellom anna auka tal betalande medlemmer med 5.750 til 5.836 siste året.

For meir utførleg omtale viser styret til årsmeldingane til distriktsråda for høvesvis hjelpekorps, omsorg og ungdom, og beredskapsutval og internasjonalt utval.

Aktivitetsrekneskapen for distriktet i 2025 viser eit negativt resultat på kr 129.830. Føremålskapital med sjølvpålagte bindingar minka frå kr. 2.390.356 til kr. 1.742.181, anna føremålskapital minka frå kr. 4.454.403 til kr. 4.092.403, og det er aktivert midlar til avskrivning på kr. 219.557. Styret stadfestar at føresetnad for framleis drift er tilstades og at det er lagt til grunn ved framlegging av rekneskapen.

Distriktskontoret har 10,2 årsverk ved utgangen av året, og alle er fast tilsette. Sjukefråværet i 2025 var på 3,75 %. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2025. Styret opplever at arbeidsmiljøet og den generelle trivselen på kontoret er god. Samhandlinga mellom dei tilsette og tillitsvalde i distriktsleddet er kjenneteikna av ein open og god dialog.

På distriktskontoret var det tilsett fire kvinner og sju menn ved årsskiftet. I distriktsstyret er det fem kvinnelege og fem mannlege medlemmer og varamedlemmer. Styret har ikkje sett grunn til å gjere spesielle tiltak knytt til likestilling.

Førde, 31. desember 2025/18. mars 2026

Jon Atle Sagebø-Rise

Distriktsleiar

Synøve Sande

Nestleiar

Anita Hjørnevåg

Medlem

Britt Optun

Medlem/distriktsrådsleiar omsorg

Per Kristian Storevik

Medlem

Jostein Vedvik

Medlem

Sonja Myrekrok

Medlem/distriktsrådsleiar hjelpekorps

Sunniva Buset

Medlem/distriktsrådsleiar ungdom

Norvall Nøringset

Varamedlem

Harald Offerdal

Varamedlem

Dag Hovland

Dagleg leiar

Beredskapsutvalet Årsmelding 2025

Samansetjing av utvalet:

Leiar: Harald Offerdal

Medlem: Morten Heggstad

Medlem: Ove Fortun

Medlem: Helge Stølen

Medlem omsorg: Arild Finne Nybø (vara: Gunn Fondenes)

Medlem hjelpekorps: Sonja Molvik Myrekrok (vara: Arne Reme)

Medlem ungdom: Sunniva Fjeldstad Buset (vara: Oline Kristine Myklebust)

Sekretær: Thomas James

MØTEAKTIVITET

Utvalet gjennomførte fire møter i 2025:

- 3. juni (Teams)
- 3. september (fysisk møte på distriktskontoret)
- 7. oktober (Teams)
- 26. november (Teams)

Til saman handsama beredskapsutvalet 28 saker.

HOVUDAKTIVITETAR OG PRIORITERINGAR

Mandat og handlingsplan

Arbeidet med mandatet var ein hovudprioritet i 2025. Mandatet definerte kva beredskapsutvalet skulle arbeide med, og kva som låg utanfor ansvarsområdet. Prosessen inkluderte innspel frå både distriktsstyret og utvalet, og endringsforslag vart handsama i fleire møter. Mandatet la vekt på rådgjevande funksjon, strategisk utvikling og støtte til lokalforeiningane. Når mandatet vart ferdigstilt, vart det sendt til distriktsstyret for endeleg behandling. Handlingsplanen vart påbegynt og skulle byggje på mandatet. Planen vart strukturert rundt fire målområde: førebygging, beredskap, krisehandtering og etterarbeid av beredskapssituasjonar.

Samband og VHF-satsing

Samband var eit viktig tema i 2025. Utvalet kartla status for VHF-utstyr i distriktet og fann at mykje av utstyret var gammalt og kravde oppgradering til digital teknologi (DMR). Distriktet hadde ni faste repeaterar, ni mobile repeaterar og om lag 250 radioar, men fleire hadde dårleg batteritid og mangla reservedelar. Det vart oppretta eit eige arbeidsutval (AU-samband) for å vurdere vidare satsing, inkludert kompetanseheving og investeringar.

Øvingar og kompetanseheving

Distriktet deltok i nasjonal beredskapsøving "Øvelse GRATIA" 9. oktober. Øvinga hadde som mål å styrke kriseleiing og samhandling mellom distrikts- og nasjonalt nivå. I tillegg har utvalet vore involvert i planlegginga av øvingar på distriktsarrangement. Øvingar vart vurdert som avgjerande for å teste planverk og bygge tryggleik hos frivillige og tillitsvalde.

KVEIK 2025

Beredskap var hovudtema på sundagen under KVEIK-samlinga i oktober. Programmet inkluderte eigenberedskap, ressurskartlegging og praktiske øvingar. Det vart lagt vekt på å styrke lokal beredskapsvevne og kapasitet gjennom praktisk læring og refleksjon.

Eigenberedskapsveka

Distriktsråd ungdom bidrog med produksjon av reel og synleggjering i sosiale medium. Utstyr til beredskapslager vart kjøpt inn og vist fram under KVEIK. Dette vart brukt til å synleggjere viktige heita av eigenberedskap på ein konkret og engasjerande måte.

Oppdatert beredskapsbestemmelse

Den nye nasjonale beredskapsbestemmelsen frå april 2025 førte til fleire endringar: ressursgrupper vart omdøyppt til beredskapsutval, lokalstyret fekk styrka ansvar for beredskap, krav om oppdatert planverk og øving på tvers av fagområde vart innført, tydeleggjering av ansvar ved interne hendingar, og utvida ansvar for nasjonalforeiningen og IFRC-samhandling.

STATUS OG UTFORDRINGAR

Beredskapsplanar i lokalforeiningane har varierende kvalitet. Sambandsmateriell er aldrande og krev investeringar. Det er behov for auka fokus på eigenberedskap og samarbeid med kommunane. Utvalet peika på at fleire beredskapsavtalar bør oppdaterast, og at dokumentasjon i lokalforeiningane må på plass.

OPPSUMMERING

2025 var eit år med strategisk utvikling for beredskapsutvalet. Arbeidet med mandat og handlingsplan gav eit solid grunnlag for vidare satsing. Utvalet styrkte fokus på samband, eigenberedskap og samarbeid med kommunane. Nasjonale øvingar og KVEIK bidrog til kompetanseheving og synleggjering av beredskap i distriktet. Global uro, ekstremvær og teknologiske endringar understreka behovet for kontinuerleg utvikling av beredskapsarbeidet.

Harald Offerdal

Leiar

Morten Heggstad

Medlem

Ove Fortun

Medlem

Helge Stølen

Medlem

Arild Finne Nybø

Medlem omsorg

Gunn Fondenes

Varamedlem omsorg

Sonja M. Myrekrok

Medlem hjelpekorps

Arne Reme

Varanedlem hjelpekorps

Sunniva F. Buset

Medlem ungdom

Oline K. Myklebust

Varamedlem ungdom

Thomas James

Sekretær

Hjelpekorps Årsmelding 2025

Distriktsråd hjelpekorps:

Leiar: Sonja Molvik Myrekrok, Vadheim
Nestleiar: Arne Reme, Stryn
Operativ leiar: Anita Kristin Vik, Stryn
Medlem: Håvard Espelund, Hafslø
Medlem: Leo Cirotzki, Svelgen
Medlem: Monika Lysne, Lærdal
Varamedlem: Ingeborg Nesheim, Stryn/Vågsøy

Fagansvarlege:

Instruktøransvarleg: Margrethe Skåden, Gulen
Fagansvarleg Skred: Per Odd Grevsnes, Sogndal
Fagansvarleg ettersøk: Håvard Espelund, Hafslø
Fagansvarleg sjø: Andreas Myrstad, Vågsøy
Fagansvarleg elv: Vegard Orrestad, Sogndal
Fagansvarleg samband: Morten Heggstad, Hafslø
Fagansvarleg drone/distriktflygesjef: Ola Apalset, Gloppen
Fagansvarleg transport: Hans Kristian Sæta, Luster
Førstehjelpsansvarleg i distriktet: Margrethe Skåden, Gulen
Ansvarleg for varslingsystem (CIM): Stian Loven, Aurland og Johnny Rustøen, Stryn
Ansvarleg for SAR-rapport: Bjørn Hesjevoll Winge, Luster og Johnny Rustøen, Stryn

Områdeleiarar:

Nordfjord: Erik Myrstad, Vågsøy
Sunnfjord: Are Bødal, Førde
Indre Sogn: Ove Fortun, Luster
Ytre Sogn: Ken Heine Bakke, Balestrand (operativ leiar) og Oddgeir Indrebø, Vadheim (administrativ leiar)

GODKJENDE HJELPEKORPSARAR

Tal frå ressursystemet viser at det er 528 hjelpekorpsarar med godkjent hjelpekorpsprøve ved utgangen av 2025.

AKSJONAR

Hjelpekorpsa i Sogn og Fjordane har i 2025 delteke på 70 aksjonar etter utkalling frå HRS, LRS og AMK. Dette er 23 færre enn i fjor.

AMIS-OPPDRAG

I 2025 har hjelpekorpsa delteke på 17 henteoppdrag for Helse Førde. Dette er 4 færre enn i fjor.

KURS OG SAMLINGAR

Kveik

På den årlege kurs- og tillitsvaldsamlinga til Sogn og Fjordane Røde Kors var 44 hjelpekorpsarar samla til fagsamling Søk og Redning.

Samlinga inneheldt fleire gode og relevante innlegg som gav solid fagleg påfyll. Det vart òg gjennomført ei tabletop-øving som del av det faglege programmet.

Felles Aksjonsstøtteverktøy (FAKS)

Det vart gjennomført opplæring områdevis for både mannskap og KO-personell i januar og februar. 23. januar vart det gjennomført ei felles storøving i Sogndal/Kaupanger. Røde Kors Hjelpekorps stilte med 40 mannskap i øvinga som vart gjennomført saman med Norske redningshundar, politiet, LRS og 330-skvadronen (redningshelikopteret). 14. februar vart FAKS teke i bruk på aksjonar i Vest Politidistrikt.

Kurs og samlingar 2025

Tidspunkt	Kurs distrikt	Stad	Deltakarar
Januar/februar	Kvalifisert Førstehjelp	Førde	9
	Kvalifisert søk og redning - vinter	Luster	24
Mars	Vidaregåande Skredredning	Sogndal	17
	Kvalifisert Samband	Førde	9
	Mitt hjelpekorps	Førde	15
April	Kvalifisert søk og redning - barmark	Nesholmen	52
	Kvalifisert tauredning	Nesholmen	8
August	Kvalifisert ATV	Vadheim	8
September	Vidaregåande samband	Førde	7
Oktober	Lagledelse søk og redning	Svelgen	7
November	Kurs i operativ veiledning	Førde	10

PLANLEGGINGSMØTE

I desember vart planleggingsmøtet til Distriktsråd hjelpekorps, saman med fagansvarlege og områdeleiarar. Det vart halde i Kantina på Røde Kors bygget i Førde. Dette er eit møte der ein snakkar om året som har gått, planar og mål for det neste året, samt drøfter aktuelle utfordringar og saker. Møtet vart vellukka og eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

VALMØTE

Valmøtet for Sogn og Fjordane Røde Kors Hjelpekorps vart halde i forbindelse med årsmøtet, på Skei Hotel. Det var stor deltaking og gode orienteringar frå engasjerte frivillige.

DISTRIKTSRÅDSMØTER

Distriktsråd hjelpekorps har hatt 9 møter gjennom året. Det har også vore behandla saker i e-postvedtak.

REPRESENTASJON

Distriktsrådleiar Sonja Molvik Myrekrok har møtt fast i distriktsstyret. Sonja er også med i internasjonalt utval, beredskapsutvalet og Redningsfagleg forum Vest PD. Ola Apalset, Gloppen, er medlem i nasjonal ressursgruppe drone. Margrethe Skåden, Gulen, er medlem i landsråd hjelpekorps.

AKSJONSLEIARAR

Distriktet har utdanna fire nye aksjonsleiar i 2025. To i Sunnfjord, ein i Nordfjord og ein i Indre Sogn.

HJELPEKORPS

Det er 28 operative hjelpekorps. Fjaler Røde Kors vart operative i løpet av 2025.

FAGOMRÅDER

Samband

- Gjennomført første VSAM i distriktet med 7 deltakarar
- Delteke på nasjonal fagsamling
- Jobba ein del med beredskapssamband opp mot Beredskapsutvalet
- Diverse testing og utprøving av Starlink
- Drift av nødnett, vore bindeledd mellom Branns driftsorganisasjon (BDO) og sluttbrukarane i distriktet. Bistått ved feil på terminalar etc..

Ettersøk

- Stor aktivitet på aksjonar.
- LSOR i Svelgen i oktober.
- Fagansvarleg deltok på fagsamling i Oslo

Elv

- Delteke på ein aksjon.
- Ein representant på nasjonal fagsamling
- Det er etablert eit samarbeid med Hordaland for å bistå dei i arbeidet med å opprette ei elveredningsgruppe.
- Det er starta eit arbeid med å etablere «elveredningsknapp», slik som «skredknappen»

Sjø

Fagansvarleg sjø kom på plass mot slutten av 2025,

Transport

- Deltatt på nasjonal fagsamling transport i Oslo
- Identifiserte/kartlegge kompetanse behov for sjåførar på scooter/ATV/UTV i Sogn og Fjordane

- Starta prosessen med å få alle sjåførar igjennom tilsvarande kompetanse utsjekk
- Målsetting 2026 er: Alle sjåførar skal være godkjente sjåførar

Drone

Regionen opererer åtte droner med tolv pilotar fordelt på fem områder, noko som sikrar brei dekning. Dronemiljøet med fleire hjelpekorpsarar deltok på samling på 330 basen i Florø i januar 2025. Målet med samlinga var å styrke samarbeidet når det gjeld helikopter- og droneaktivitet. Har delteke på fleire aksjonar.

Skredgruppe

Totalt tal på aktive frivillige i Skredgruppa i Sogn og Fjordane Røde Kors er 80 personar, ein auke på 5 sidan i fjor.

I ei tid med aukande toppturaktivitet og stadig fleire som køyrer på ski i bratt lende, har Sogn og Fjordane Røde Kors satsa på å auke kompetansen for våre mannskap. Me ser at når me blir kalla ut, er det ofte i situasjonar der det ikkje er flyvêr. Dermed blir skuterane våre eit viktig reiskap.

2025 var ein svært snøfattig sesong, og skredgruppa kom difor seint i gang med øvingar på snø, først langt ut på vinteren.

- Skredgruppa var representert på Skredkonferansen på Oppdal med to personar
- Ein person deltok på fagsamling på Gardermoen
- Ein person deltok på fellesmøte for skredgruppene i Noreg
- Ein person deltok på oppstartsmøte med Politi Vest
- Ein person deltok på planmøte med distriktet i Førde

RØFF

Helga 5.–7. / 1 september 2025 skulle hjelpekorpsset arrangere RØFF-camp for Sogn og Fjordane på Haugland (i samarbeid med UWC Connect), men arrangementet vart avlyst grunna få påmelde deltakarar. Det er ønskeleg å forsøke campen igjen i 2026, og prosjektet vil bli følgt opp vidare av distriktsnivå og lokallag. Det er RØFF-aktivitet i Lærdal, Eid, Svelgen-Bremanger, Gulen, Selje og på Hafslø. Det har blitt etablert eigen fagansvarleg RØFF. Dette er Monika Lysne

OMRÅDE

Nordfjord

Selje – Vågsøy – Eid – Gloppen – Hyen – Stryn – Vikane – Olden

Område Nordfjord har i 2025 hatt god aktivitet. Det er godt samarbeid mellom korpsa og mykje folk stiller på aksjonar og øvingar. .

Sunnfjord

Askvoll – Fjaler – Gaular – Jølster – Førde – Naustdal – Flora – Svelgen-Bremanger

Område Sunnfjord hadde i 2025 tre områdemøte. Brukar Spond aktivt for å dele informasjon om aktivitet som ikkje er aksjonar.

Området har hatt fokus på området sin reelle beredskap i form av antal på varslingsliste og kor mange som møter på aksjonar. Det viser seg at man må kalle ut heile området for å ha ei relativt grei dekning.

Indre Sogn

Luster – Hafslø – Sogndal – Leikanger – Vik – Lærdal – Aurland

Område Indre Sogn har i 2025 har hatt ein god aktivitet, og det er fortsatt godt samarbeid mellom korpsa i skarpe oppdrag og på øving. I dei skarpe oppdrag har det vert brukt Røde Kors aksjonsleiar mellom korps, som har fungert veldig bra. Dette avlastar den lokale leiinga, spesielt i starten av aksjonen.

Det har blitt arrangert VFØR på Vesterland.

Området har gjennomført digitale områdemøter og eit fysisk møte. Det har vore gjennomført felles øvingar og korpsa i området samarbeider om å arrangere KSOR-vinter. Det har vore stor

aktivitet av aksjonar også i 2025, med god blanding av SAR og helseoppdrag. Aukande tendens at SAR-queen blir mykje brukt til å hente ut personar.

Ytre Sogn

Balestrand – Høyanger – Vadheim – Hyllestad - Gulen

Området har gjennomført to områdemøter i Vadheim. Aktiviteten er jamn god med oppmøte på aksjonar, regodkjenningar, kursing, fornying av utstyr og mange sanitetsvakter. Områdeøving vinter/vår vart utsatt til 2026 grunna snømangel.

Gjennom 2025 har Område Ytre hatt stor aktivitet med fokus på styrka samarbeid med Område Sunnfjord, felles øvingar og implementering av det digitale verktøyet FAKS/FRR. Området planlegg vinterøvingar med snøskuter i Balestrand.

Sjølv om aksjonsnivået varierer mellom korpsa, har det vore god beredskap og mange sanitetsoppdrag knytt til lokale arrangement, samstundes som utstyrsparken er fornya med både båt, ATV og snøskuterar.

Det er framleis eit stort fokus på kursing innan vannredning, førstehjelp og køyretøy, men området peikar på utfordringar knytt til medlemsadministrasjon og behovet for avklaringar med AMK om henteoppdrag for å sikre lokal erfaring og aktivitet. Med eit stabilt budsjett på 30 000 kroner går området inn i 2026 med mål om tettare samhandling og høg operativ evne.

Omsorg Årsmelding 2025

Årsmeldinga blei vedteke av d-råd omsorg 11.02.2026

Distriktsråd omsorg har vore samansett slik:

Leiar: Britt Optun, Luster

Nestleiar: Jorunn Selseng Aasen, Førde

Medlem: Nina Heggenes Gjermundstad, Vadheim

Medlem: Arild Finne Nybø, Førde

Medlem: Gunn Fondenes, Sogndal

Medlem: Ingunn Myroldhaug Skarstein, Olden

Varamedlem: Else Drageset, Jølster

Varamedlem: Toril Fjørtoft, Eid

MØTE OG SAMLINGAR

Distriktsråd omsorg har avvikla seks distriktsrådsmøter i tillegg til fleire arbeidsmøter. Totalt har rådet handsama 46 saker, mellom anna om Ferie for alle, Til topps, Juleleder for barn og opplæring på omsorgsfeltet.

I tillegg har distriktsrådet invitert til to områdesamlingar. Eit i Lærdal og eit i Gloppen. Det var godt oppmøte på begge samlingane, med representantar frå lokaråd omsorg og lokalforeiningsleiar frå dei tilhøyrande lokalforeiningane i området. På samlingane er det erfaringsutveksling på tvers av laga, og distriktsråda får høve til å bli betre kjent med dei lokale tillitsvalde og aktivitetane. Distriktsrådet informera om det som skjer på distrikt, og det blir gode diskusjonar. Distriktsrådet har også vore representert på fleire lokalforeiningsmøter.

Distriktsrådet arrangerte valmøte for omsorg 5. april i samband med distriktsårsmøtet 5.-6. april. Distriktsrådet er representert i beredskapsutvalet i Sogn og Fjordane Røde Kors ved medlem Arild Finne Nybø og vara Gunn Fondenes og i internasjonalt utval ved Nina Heggenes Gjermundstad og vara Jorunn Selseng Aasen. Britt Optun er medlem av distriktsstyret som distriktsrådsleiar.

OPPLÆRING

Det har vore god kursaktivitet i 2025. I mars arrangerte vi eit stort digitalt besøkstenestekurs og startkurs. Her var det med 94 frivillige som satt hjå sine respektive lokalforeiningar og deltok på møte. I tillegg har to lokalforeiningar arrangert lokale kurs besøkstenestekurs og ei lokalforeining har arrangert vaketenestekurs. På Kveik hadde vi kurs i aktivitetsleiar for barn og ungdom, besøksteneste, vaketeneste og migrasjon.

Det er framleis eit behov for at lokale frivillige tek på seg ei kurshaldarrolle slik at vi får gjennomført endå fleire kurs lokalt.

I samband med Ferie for alle vart det arrangert startkurs, førstehjelpskurs og ferie-for-alle-kurs for alle frivillige.

FERIE FOR ALLE

Gjennom aktiviteten Ferie for alle får barnefamiliar med utfordrande økonomi moglegheit til ferieopphald. Ferie og fritid blir ofte eitt av områda som fell bort når økonomien er pressa. Ei kartlegging blant hjelpeapparatet i 2025 viste at to tredelar av respondentane opplevde at økonomien til familiar hadde blitt dårlegare det siste året, og 85 prosent meinte at familiane hadde udekte behov i kvardagen. Funna understrekar kvifor tiltaket er viktig for å gi barn og familiar ferie, sosial inkludering og eit pusterom frå kvardagens utfordringar.

I 2025 gjennomførte distriktet seks ferieleirar: to vinterleirar, tre sommarleirar og ein haustleir. Totalt fekk 442 feriegjester frå 108 familiar opphald gjennom året, frå 14 av dei 18 kommunane i Sogn og Fjordane. Sommaropphalda hadde størst pågang, medan vinter- og haustleirane hadde færre søkjarar. Påmeldarapparatet melder at vinterferie generelt er mindre utbreidd i målgruppa, men både vinter- og haustleiren fyller eit viktig behov når det er skulefri, når ulike familiar har moglegheit til å delta, og sikrar at distriktet kan tilby minst eitt ferieopphald til alle familiar som søker i løpet av året.

Mange deltakarar er gjentakande frå tidlegare år, samtidig som nye familiar som ikkje har deltatt

tidlegare, vert prioritert. Erfaring med leiren kan gjere det enklare å melde seg på igjen, medan nye familiar kan ha behov for ekstra informasjon eller støtte for å delta. Vi ser også at kapasiteten i hjelpeapparatet i kommunane varierer, noko som kan påverke korleis vi når ut til målgruppa.

Distriktet har eit velfungerande samarbeid med Naturleg Aktiv og UWC Connect som medarrangør av ferieleirane. Evalueringar frå både deltakarar og frivillige er gjennomgåande gode. Tiltaket har gitt barn og familiar gode ferieopplevingar, sosial inkludering og eit pusterom i kvardagen. Ferie for alle 2025 vurderast som vellukka, og trendar i søkarmengd og deltaking viser at tiltaket held høg relevans i målgruppa.

FRIVILLIGE

Ein fast og erfaren frivilliggjeng kjem att år etter år og har vore heilt avgjerande for å kunne ta imot så mange gjester og sikre gode og trygge ferieopplevingar. Totalt deltok 69 frivillige fordelt på vinter-, sommar- og haustopphald. Evalueringar frå deltakarane syner at 98 % opplevde møtet med frivillige som «svært godt» eller «godt».

Distriktet har i 2025 hatt ei målretta satsing på å involvere ungdom i gjennomføringa av ferieleirane. I nært samarbeid med UWC Red Cross Nordic hadde vi med 15 studentar som har Røde Kors og humanitær innsats som skulefag og som har fungert som assistentar for frivillige på ferieleirane. Dette er ein pilot som starta på haustleiren i 2024, med mål om å gi studentar erfaring med frivillig arbeid. Dette har styrkt det interne samarbeidet i organisasjonen, gitt gjensidig nytte og sikra at frivilligruppa er mangfaldig. Barna har fått positive rollemodellar, ny energi i aktivitetane og fleire kreative innslag i programmet. Barna elsker at ungdommar vil bruke tid saman med dei! Erfaringane er svært gode, og vi ønskjer å vidareføre samarbeidet.

NATTEVANDRING

Aktiviteten er til for å skape tryggleik der ungdom er og ferdast, med spesielt fokus på diverse arrangement og aktivitet i helgane. Fleire lokale ledd har gode avtalar med samarbeidspartnarar og kommunar. Fleire stader er det god dialog med skulane, der det vert informert om aktiviteten på foreldremøta og slik rekruttert frivillige. Fleire har vore med i mange år og sikrar overlapping og at det er alltid er erfarne frivillige tilgjengeleg. I Sogn og Fjordane er det nattevandring i Aurland, Florø, Førde, Gloppen, Sogndal og Stryn.

BARNAS RØDE KORS (BARK)

Barnas Røde Kors er ein møteplass med aktivitetar for barn i barneskulealder, med mål om sosial og kulturell inkludering. I Sogn og Fjordane har BARK-laga tradisjonelt hatt fokus på friluftsliv, førstehjelp og søk og redning, med utgangspunkt i Røde Kors sine verdiar og prinsipp. Aktiviteten er retta mot born i alderen 6–12 år.

I 2025 har det vore aktivitet i Gulen, og Fjaler har starta planlegging av ny BARK-aktivitet med oppstart i januar 2026. Nokre tidlegare BARK-område, som Årdal og Olden, har ikkje hatt aktivitet i 2025, noko som syner behov for vidare støtte og rekruttering lokalt.

Distriktet ønskjer å auke interessa og etablere fleire BARK-aktivitetar, men dette har vist seg utfordrande. Oppstart av nye grupper krev både engasjerte vaksne og lokal forankring. Distriktet ønskjer å styrke lokalforeiningane, med mål om fleire aktivitetstilbod for born i åra som kjem.

JULEGLEDER FOR BARN

Julegleder for barn er ein aktivitet der Røde Kors deler ut gåver og gåvekort til barn i familiar med utfordrande økonomi, for å gje eit lite lysglimt i jula. I 2025 er det blitt søkt om julegleder til 2 284 barn. Arbeidet med utdeling blir gjort av lokalforeiningane i tett samarbeid med kommunalt hjelpeapparat som til dømes NAV, barnevern og flyktningkonsulentar. Slik når vi dei som treng det mest. Alle kommunar i Sogn og Fjordane vart dekt. Distriktsrådet ynskjer å takke lokalforeiningane for framifrå innsats med gjennomføringa.

Vi har for andre året på rad starta ein Spleis for å sikre meir finansiering, der både private og næring har hatt høve til å gje eit bidrag. Vidare har vi hatt dialog med ulike bankar, og næringslivsaktørar, kor vi har fått finansiering. I år er Julegleder for barn blitt finansiert i all hovudsak av

Gjensidigestiftinga, midlar frå Staten og Sparebanken Norge. I tillegg har vi fått støtte frå Årdal Kraftlag, Årdal Energi Holding AS og Sparebank1 Sogn og Fjordane, samt private via Spleisen. I år vart aktiviteten for første gong fullfinansiert av eksterne midlar.

BESØKSTENESTA

Besøkstenesta er den største omsorgsaktiviteten i Sogn og Fjordane Røde Kors. Heile 23 av 26 lokalforeiningar tilbyr denne aktiviteten, og det er omkring 600 frivillige fordelt over heile fylket. Besøkstenesta har eit mangfald av aktivitetar, med mellom anna bingo, musikk og dans, trimturar, fellesmåltid, sommarfest og pensjonistturar. I år har også Våketenesta starta opp i Stryn og fleire andre lokalforeingar vurderer å fylgje etter.

Lokalforeiningane har gjort ein god jobb med å oppdatere frivilligtal i Nye Mitt Røde Kors i løpet av året og den digitale kompetansen er i stadig i betring.

I desember ynskte Sogn og Fjordane Røde Kors å støtte lokale ledd, og gav tilbod om «Førjuls-glede for eldre», der lokale besøkstenester fekk økonomisk støtte til å dele ut blomehelsing eller liknande til målgruppa. 15 besøkstenestar nytta seg av tilbodet. Distriktsråd omsorg ynskjer å gje honnør til besøkstenestene for innsatsen dei har lagt ned.

NETTVERKSARBEID

Nettverksarbeid er eit tilbod til menneske som ynskjer auka sosial kontakt og moglegheit til å bygge sosiale nettverk. To lokalforeiningar i distriktet driv denne aktiviteten. Førde Røde Kors samarbeider med Mental Helse om nettverksarbeidet «Møteplassen». Annankvar torsdag har dei aktivitet som bingo og servering av heimebakst og frukt i kantina på Røde Kors-bygget. Sogndal Røde Kors arrangerer «Møteplass kafé» annakvar veke i nært samarbeid med kommunen si psykiatriteneste, Frisklivssentralen og frivilligsentralen. Dei har servering og kjekke aktivitetar som kviss, underhaldning og juleavslutning.

VISITORTENESTA

Visitortenesta er eit tilbod der frivillige vitjar innsette i fengsel. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har eit samarbeid knytt til tilsetressursar, der målet har vore å ha ein tilsett som får ein større stilling med ansvar for vistortenesta, og med det høve til å tileigne seg meir kunnskap og kompetanse til å følgje opp visitortenesta i dei respektive distrikta. Det er tilsett i Bergen Røde Kors som følgjer opp visitortenesta i Vik. Tilretteleggar i Sogn og Fjordane har dialog med tilsett i Bergen Røde Kors om dette ved behov. I 2025 er det blitt inngått ny avtale med fengselet i Vik, med mål om opplæring av frivillige vinteren 2026.

VITNESTØTTE

Vitnestøttene er frivillige som gir viktig medmenneskeleg støtte og praktisk informasjon til vitna i tingretten. Førde Røde Kors tilbyr denne aktiviteten i nært samarbeid med Sogn og Fjordane tingrett.

MIGRASJON OG FLEIRKULTUR

Aktivitet	Tal	Lokalforeiningar
Møteplassar	10	Aurland, Eid, Florø, Førde, Lærdal, Sogndal, Årdal, Gloppen, Balestrand, Hafslo
Til topps	5	Eid, Sogndal, Gloppen, Luster, Leikanger
Lokale familiedagar	6	Aurland, Eid, Balestrand, Sogndal, Stryn, Førde
Andre migrasjonsaktivitetar	5	Førde, Sogndal, Hyllestad, Gloppen, Askvoll
Aktivitet i asylmottak	2	Florø, Leikanger

2025 har vore nok eit år med godt fokus på migrasjonsarbeid. Vi har gjennomført den sjuande utgåva av Til topps på distriktsnivå, og fleire lokalforeiningar har arrangert eigne lokale familiedagar for barnefamiljar i målgruppa. Røde Kors-foreiningane har jobba godt for å møte behova, og fokuset har vore å sørge for at dei gode aktivitetane har vorte tilgjengelege for målgruppa. I 2026 har og nye aktivitetar vorte til.

MØTEPLASSAR

Det er ti lokalforeiningar som har hatt ei form for sosial møteplass. Dette er ein migrasjonsaktivitet som har stått sterk i distriktet over lang tid. Terskelen for å møte opp på desse møteplassane skal vere låg, og det er ynskjeleg at både etnisk norske og migrantar møter opp. Hovudføremålet er at migrantane skal få trening i å snakke norsk på ein uformell arena samstundes som dei vert kjende med andre lokalt.

TIL TOPPS

I 2025 gjennomførte vi det sjuande Til Topps-arrangementet på distriktsnivå i Sogn og Fjordane. Målet for turen var Britastein i Hodlekve, Sogndal. Vi nytta tre bussar som tok turen den 21. juni. Til saman deltok 121 deltakarar og frivillige frå fem lokalforeiningar. For tredje gong hadde vi og eit barnevennleg alternativ slik at også mindre barn og barnefamiljar kunne bli med på arrangementet. Om lag halvparten gjekk topptur og dei resterande deltakarane gjekk ein kortare tur eller vandra i nærmiljøet. Dagen vart avslutta med grillmat i nydeleg ver.

LOKALE FAMILIEDAGAR

Som alternativ til distriktsarrangementet "Til Topps" oppmoda distriktet lokalforeiningane til å arrangere lokale familiedagar. Dette var sjuande året distriktet har gjeve støtte til slike arrangement. I 2025 var det seks lokalforeiningar som arrangerte og til saman deltok kring 600 deltakarar og frivillige. Vi oppmoda sterkt alle lag til å sende deltakarar på både Til topps og lokale familiedagar, då Til topps er meir eigna for eldre ungdommar, medan Lokale familiedagar er meir eigna for dei yngste.

ANDRE MIGRASJONSAKTIVITETAR

I 2025 har fleire lokalforeiningar halde fram med satsingar på ulike prosjekt for å fremje integrering. Mellom anna har det vore handarbeidsgrupper, symjetrening og yoga for innvandrarar, samt kledeinnsamling, utfluktar og anna enkeltståande arrangement. Vi ser og at fleire får med seg migrantar inn i andre Røde Kors aktivitetar.

AKTIVITET I ASYLMOTTAK

Florø Røde Kors har i 2025 halde fram med aktivitet for bebuarane på Solbakken asylmottak. Det vart arrangert ulike møteplassar, feiring av høgtidar, ein overnattingstur og enkeltståande arrangement. Viktigst av alt er at Røde kors frivelege er tilgjengeleg for dei. Ein god gjeng frå mottaket i Leikanger var med på Til Topps.

Ungdom Årsmelding 2025

Distriktsråd for Røde Kors Ung auka frå fire til seks medlemmer i 2025 og har vore samansett slik:

Leiar: Sunniva Fjeldstad Buset, Svelgen-Bremanger

Nestleiar: Oline Kristine Myklebust, Førde

Medlem: Eyvin Nordstrand Bøkenes, Lærdal

Medlem: Thomas Kiviranta, Eid

Medlem: Hege Anett Nygård Seljeset, Eid

Varamedlem: Hiba Alnuaimat, Florø.

Distriktsrådet har hatt 11 formelle møter og fleire uformelle arbeidsmøte knytt til aktivitet og arrangement.

REPRESENTASJON, PÅVERKNAD OG TALSPERSONSROLLE

Distriktsrådet har i 2025 representert ungdom i Røde Kors lokalt, regionalt og nasjonalt, med medlemmer i internasjonalt utval, beredskapsutval og i distriktsstyret. Dei har vore synleg på sentrale samlingar som Kveik, leiarsamlinga og distriktsårsmøtet, der dei arrangerte **Ungdomsverkstad 2025** med fokus på mellom anna felles nettverk for ungdom under 30 år.

Ungdomskonferansen **Utan filter** vart gjennomført i Sogndal 13. november og samla om lag 100 ungdommar. Konferansen er ein del av Røde Kors Ung si satsing på å auke openheit om psykisk helse og utfordre stigma knytt til psykiske plager, einsemd og utanforskap. Distriktsrådet planla og gjennomførte både på og bak scena, med gode tilbakemeldingar frå deltakarar, og er eit tydeleg døme på korleis rådet løftar viktige humanitære utfordringar for målgruppa.

Gjennom året har rådet vore synlege i sosiale medium og på ulike arenaer, med særleg vekt på psykisk helse, livsmeistring og aktivitet i Røde Kors. Distriktsrådet fekk ansvar for å utforme ein film om eigenberedskap på vegner av distriktet, og løyste oppgåva med humor og ungdommeleg uttrykk, som skapte stort engasjement.

Nasjonalt deltok rådet på frivilligsamling, leiarsamling, samt Treffpunktsamling og TRØKK i Hordaland. Tre representantar deltok på Vestlandssamlinga i Haugesund, ein viktig regional arena for førebuing til Røde Kors Ungdom sitt landsårsmøte og ein del av det tette samarbeidet mellom distriktsråda for ungdom i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Der bidrog rådet i arbeidet med ein resolusjon om korleis organisasjonen kan møte deltakarar i aktivitet som har utfordringar knytt til rus og kriminell åtferd, som seinare vart fremja på landsårsmøtet. Fire representantar deltok på nasjonalt årsmøte i Røde Kors ungdom, der leiar Sunniva Fjeldstad Buset tok attval i valnemnda for landsrådet.

Med ansvar og deltaking på fleire nivå har distriktsrådet vist korleis ungdom kan påverke, ta ansvar og setje viktige tema på dagsorden i Røde Kors.

Å NÅ UNGE I DAG = BEREKRAFT I LOKALFOREININGA I MORGON

Distriktsrådet er ein støttespelar for lokallaga i arbeidet med ungdom, og jobbar for at fleire ungdommar finn vegen inn i Røde Kors og blir verande over tid. Gjennom besøk, stand og rettleiing har rådet bidrege til å informere om, etablere og styrke lokal ungdomsaktivitet. Aktivitetane bidreg både til å møte humanitære behov for fellesskap og inkludering i lokalmiljøa, samstundes som det utviklar unge frivillige som tek ansvar og ønskjer å bidra i samfunnet gjennom Røde Kors.

Dagens ungdom er morgondagens leiarar og Røde Kors si framtid, og det er i lokallaga dette engasjementet blir forma.

AKTIVITET FOR, AV OG MED UNGDOM – FRÅ DELTAKING TIL ANSVAR

Lokale aktivitetar for ungdom utgjer fundamentet i ungdomsarbeidet. Her byggjer ungdom fellesskap i kvardagen, får høve til å delta jamleg, påverke aktivitetane og ta på seg frivilligroller lokalt.

Treffpunkt (13–30 år) er ein ungdomsstyrt lågterskelarena der unge kan møtast, ha det kjekt og føle seg inkludert utan krav til prestasjon.

For ungdom som ønskjer ein beredskapsretta inngang til Røde Kors, finst RØFF (Røde Kors førstehjelp og friluftsliv). RØFF er ein aktivitet for ungdom i alderen 12–17 år som høyrer til Røde

Kors Hjelpekorps, og gir opplæring i friluftsliv, førstehjelp og redning. Aktiviteten er ein viktig rekrutteringsarena til hjelpekorpsset og gir ungdom tidleg erfaring med ansvar og samhandling i Røde Kors.

Treffpunkt opnar døra for ungdom som ikkje nødvendigvis kjenner seg heime i beredskapsarbeid, men som likevel ønskjer å bidra som frivillige og vere ein del av fellesskapet i Røde Kors. Saman bidreg Treffpunkt og RØFF, på tvers av organisatoriske grenser, til at fleire ungdommar finn si rolle i Røde Kors, utviklar seg som frivillige og opplever både meistring og fellesskap.

I 2025 er det Treffpunkt i Gloppen og Fjaler, medan det er aktive RØFF-lag i Lærdal, Eid, Svelgen-Bremanger, Gulen, Selje, Hafslo.

FRÅ LOKALT ENGASJEMENT TIL REGIONALT FELLESSKAP

For å knyte saman lokalt engasjement og regionalt fellesskap følgjer distriktsråd ung opp ungdommane gjennom regionale samlingar som bygger opp under det lokale ungdomsarbeidet. Ein rapport frå prosjektet Framtidas frivilligheit peikar på at mange ungdommar i Røde Kors saknar fellesskap på tvers av aktivitetstilknytning.

Dei regionale samlingane fungerer som motivasjonsarenaer, men er også ein viktig del av ein utviklingsstige som gjer det mogleg for ungdom å vekse og trivast i Røde Kors – frå første møte som deltakar, via frivilligroller, og for nokre vidare til administrative verv i organisasjonen. Her får ungdom treffe jamaldra frå heile distriktet, styrke tilhøyrslø og få inspirasjon til vidare engasjement i Røde Kors.

Fylkestreff er ein lågterskel inngang til Røde Kors Ungdom og samlar ungdom frå 13 til 30 år som er med i, eller nysgjerrige på, Røde Kors. Treffet gir ungdom høve til å bli kjende med organisasjonen, møte jamaldra på tvers av aktivitet og få inspirasjon til vidare deltaking lokalt. Det planlagde fylkestreffet i 2025 vart avlyst grunna uføresette utfordringar knytt til lokasjon, då overnattingsstaden vart dobbeltbooka. Det er planar om å gjennomføre fylkestreff i 2026.

Frivilligtreffet er retta mot ungdom som allereie er aktive lokalt, og fungerer som ein arena for frivilligpleie, leiarutvikling og nettverksbygging på tvers av lokallag. Treffet skal styrke motivasjon og kompetanse hos unge frivillige, slik at dei blir verande og utviklar seg vidare i sine roller. I 2025 vart frivilligtreffet arrangert 8.–9. mars og samla 11 deltakarar frå Sogn og Fjordane, med gjester frå Hordaland. Treffet vart opplevd som vellukka, med godt samhald og engasjerte diskusjonar om framtida for frivilligheit blant ungdom i distriktet.

Samla sett har distriktsrådet styrkt ungdomsengasjementet i heile distriktet og sikra at ungdom har ei tydeleg stemme i Røde Kors – lokalt, regionalt og nasjonalt

Internasjonalt utval Årsmelding 2025

Internasjonalt utval har vore samansett slik:

Leiar, Agnar Aas, Aurland

Einar Målsnes, Balestrand

Per Kristian Storevik, distriktsstyret

Jostein Vedvik, distriktsstyret

Nina Gjermundstad, distriktsråd omsorg

Jorunn Selseng Aasen, vara distriktsråd omsorg

Sonja Molvik Myrekrok, distriktsråd hjelpekorps

Leo Husabø Holm Cirotzki, vara distriktsråd hjelpekorps

Thomas Kiviranta, distriktsråd ung

Hiba Alunaimat, vara distriktsråd ung

Utvalet har hatt 2 møter i 2025 og handsama 10 saker.

INTERNASJONALT DISTRIKTSAMARBEID MED GEORGIA RØDE KORS FORNYA TIL MARS 2027

Valet av nytt internasjonalt distriktsamarbeid (Twinning-prosjekt) falt på Georgia Røde Kors, etter ei avgjerd på distriktsårsmøte i 2019, og avtalen blei fornya i 2020 med tre år og synkronisert med avtalen nasjonalkontoret også har med Georgia Røde Kors. I 2024 blei avtalen fornya igjen fram til mars 2027.

Twinning-prosjektet er eit formelt samarbeid mellom Sogn og Fjordane Røde Kors og Georgia Røde Kors, og gjeld 6 lokalforeiningar i Georgia: Kutaisi, Khulo, Batumi, Borjomi, Chokhatauri og Ozurgeti. Blant desse er det både by- og bygdeby foreiningar, og det er stor variasjon i høve storleik og ressursar. På reisa vår i februar 2019 besøkte vi alle desse 6 lokale ledda, og fekk eit godt inntrykk av moglegheiter og utfordringar.

DISASTER RESPONSE PROJECT

I 2024 vart det konkludert med å starte opp eit prosjekt, som først fekk namnet «Disaster management training center». Dette kom som eit resultat av ei reise internasjonalt utval hadde til Georgia i overgangen februar/mars. Der traff dei frivillige som samhandla med lokalt brann- og redningskorps i det som vart omtalt som «hot zone», altså heilt nært opp til der hendingane skjer. Dette er det einaste eksempel på slikt samarbeid vi har sett under alle våre besøk rundt om i

Georgia. Dette hadde vi lyst til å støtte og prøve å vere med å utvikle vidare.

I 2025 har dette arbeidet vore hovudfokuset. I april reiste Einar Målsnes og Pål A. Dahl, i lag med representantar frå Trøndelag Røde Kors og nasjonalkontoret til Borjomi. Her skulle dei møte representantar frå det offentlege og frå Georgia Røde Kors, med mål om å avklare behov og ynskjer rundt det å utvikle eit «disaster management training center». Målet med prosjektet er å gje det offentlege fleire hender å nytte i kriser, der Røde Kors skal rekruttere frivillige, og gje dei naudsynt kompetanse for å kunne bidra i kriser.

I mai og juni vart det avklart eit samarbeid i høve prosjektet mellom Røde Kors i Georgia, Trøndelag, Agder og Sogn og Fjordane, i lag med nasjonalkontoret i Norges Røde Kors. Det vart satt ned ei arbeidsgruppe, der vi var representert med Pål A. Dahl som prosjektleiar, Gro Haugnes og Sonja Molvik Myrekrok. Arbeidsgruppa nytta sommaren til å utvikle eit kurs som skulle nyttast som pilot i Georgia i september. Her reiste Pål og Ingvild Myrekrok Ruskedal som instruktørar frå oss. Det var òg sendt instruktørar frå Trøndelag og nasjonalkontoret.

Piloten vart rekna som ein suksess, både i høve kompetansehevinga av dei frivillige, men òg særleg fordi det var ei oppleving av at EMS (emergency management system), som då er brann- og redningskorpset i Georgia, var svært engasjert og delaktig i kurset. Dette syner kor viktig prosjektet er for dei lokale myndigheitene i Georgia.

Med ein pilot som hausta mykje ros og skryt, var det naturleg å vidareføre prosjektet. Det vil bli fleire reiser til Georgia i 2026, med gjennomføring av kurs for nye deltakarar. Det vil bli utvikla fleire modular knytt til kurset, for å gje dei frivillige mest mogleg kompetanse til å fungere som redningsmannskap i lag med lokale myndigheiter.

Februar 2026, Internasjonalt utval i Sogn og Fjordane Røde Kors

Agnar Aas

Leiar

Einar Målsnes

Medlem

Per Kristian Storevik

Medlem

Jostein Vedvik

Medlem

Nina H. Gjermundstad

Medlem omsorg

Jorunn Selseng Aasen

Varamedlem omsorg

Sonja M. Myrekrok

Medlem hjelpekorps

Leo Husabø H. Cirotzki

Varamedlem hjelpekorps

Thomas Kiviranta

Medlem ung

Hiba Alunaimat

Varamedlem ung

Humanitært påverknadsarbeid

Auka synlegheit har vore ei viktig prioritering i 2025. For Sogn og Fjordane Røde Kors er ikkje synlegheit målet i seg sjølv, men eit verkemiddel som styrkar heile organisasjonen. Når vi er synlege og til stades i offentlegheita, rekrutterer vi fleire frivillige og medlemmar, byggjer tillit hos samarbeidspartnarar og gjer det enklare for menneske i sårbare situasjonar å finne fram til hjelpa vår. Synlegheit er difor tett knytt til evna vår til å redde liv, skape trygge oppvekstvilkår og styrke fellesskap i lokalsamfunna.

BEREDSKAP I SENTRUM

Eit sentralt satsingsområde i 2025 har vore å styrke både praktisk og psykososial beredskap i befolkninga, med særleg vekt på å nå unge. Gjennom målretta kommunikasjon i sosiale medium og eit tett samarbeid med Distriktsråd




Ung har vi nådd breitt ut med budskapet. Dei produserte ein video som vart delt i sosiale medium, og fekk over 18 000 visningar. Videoen vart delt 37 gonger utanfor våre eigne kanalar, noko som viser både høg relevans og god organisk spreiding. Vidare samarbeida vi med Distriktsråd Ung om «Utan Filter», ein konferanse om ung psykisk helse. Konferansen hadde psykososial beredskap som tema, og bidrog til å gjere temaet meir tilgjengeleg og forståeleg for målgruppa. Dette har også gjort oss meir synlege som ein aktør som tek ungdom på alvor.

FRIVILLIGREKRUTTERING TIL FERIELEIRAR

Ferie for alle har òg vore eit viktig kommunikasjonsområde. I 2025 har vi oppdatert informasjonsmateriell og utvikla meir brukarvennlege program og brosjyrer som gir betre oversikt for både deltakarar og frivillige. Samstundes har vi sommaren 2025 filma korte snuttar av frivillige som deler sine erfaringar på Ferie for alle, som i 2026 skal hjelpe med rekrutteringa for sommarleiren. Dei skal delast sosiale medium i ein periode fram mot sommaren.

MEST OMTALT I MEDIA

Medieomtalen i 2025 ligg på nivå med fjoråret, med særleg høg synlegheit i sommarmånadene. Tal frå Infomedia viser at vi i 2025 var det mest omtalte Røde Kors-distriktet i Noreg. Den jamne dekninga gjennom året har bidreg til å halde organisasjonen tydeleg i offentlegheita og styrker tilliten til Røde Kors i befolkninga. Samla sett viser kommunikasjonsåret 2025 at målretta innsats gir resultat: sterkare gjennomslag, betre rekruttering og større kjennskap til tilboda våre.



Auka lokal kapasitet; rekruttering og medlemspleie

BAKGRUNN

I 2020 sette Sogn og Fjordane Røde Kors i gang ein offensiv satsing på rekruttering av medlemmar. Målet var klart: å snu ein vedvarande negativ medlemsutvikling og sikre framtida til organisasjonen. Utan tiltak stod distriktet i fare for å falle under 5000 betalande medlemmar.

For å snu utviklinga vart det lagt vekt på å:

- Redusere fråfallet av eksisterande medlemmar.
- Auke tilfanget av nye medlemmar gjennom ulike rekrutteringstiltak.

Systematisk og målretta arbeid i lokalforeiningane gav raske resultat. Allereie i 2021 vart raude tal bytta ut med grøne. Den positive trenden heldt fram i 2022, 2023 og 2024. På fire år vaks medlemsmassen med 12 %, frå 5147 til 5750 betalande medlemmar – i ein periode der medlemstalet nasjonalt gjekk ned med 12 %.

Med dette bakteppet, var det naturleg å sikte mot fem strake år med medlemsauke.

2025

Dei fleste lokalforeiningane i distriktet har, i samarbeid med distriktskontoret, gjennomført tiltak for å styrkje og stabilisere medlemstalet. Nokre har satsa på målretta rekruttering, andre på god medlemspleie – og mange på begge delar. Det er særleg gledeleg å sjå at prosessane som vart sette i gang dei siste fire åra, no har vorte ein naturleg del av kvardagen lokalt.


I oktober arrangerte distriktsstyret medlemsvervekonkurranse for fjerde året på rad. Etter ein resultatmessig nedgang i 2023, tok tala seg opp att i 2024 – og i 2025 har vi stabilisert oss på eit anstendig nivå, med heile 237 nye betalande medlemmar berre i oktober.

Årets konkurranse vart jamnare enn tidlegare. Luster og Jølster Røde Kors verva begge 25 nye medlemmar. Jølster toppa med det kategorien «høgast prosentvis vekst», med ein imponerande auke på 25,51 %, medan Luster tok sigeren i kategorien «flest nye medlemmar». Sidan ein lokalforeining berre kan vinne éin premie, gjekk andreplassen i kategorien «flest nye medlemmar» til Sogndal Røde Kors, medan Vikane tok andreplassen i «høgast prosentvis vekst».

RESULTAT

Overgangen til Frivilligadministrasjon i oktober 2024 skapte utfordringar som strekte seg inn i 2025. Feil KID-nummer, manglande fakturaer og svikt i dataflyten gjorde at mange betalningar ikkje vart registrerte. Dette gav oss ein krevjande start på året.

Likevel viste organisasjonen styrke. Gjennom iherdig innsats både lokalt og på distriktsnivå fann vi att medlemmar som hadde «forsvunne» i systemet, og vi klarte å rekruttere nye – ikkje minst gjennom vervekonkurransen.




Ved utgangen av året, 31.12.2025, hadde distriktet 5832 betalende medlemmar, mot 5750 året før. Det betyr ein auke på nær 1,5 % i 2025 – og heile 13,5 % på fem år.

Bakgrunnstala viser også framgang:

- 13 av 26 lokalforeiningar leverte grønne tal (opp frå 11 året før).
- Berre fire lokalforeiningar hadde ein tilbakegang på over fem prosent (mot fem i 2024)
- Ni lokalforeiningar hadde ein mindre tilbakegang (under fem prosent).

Nøkkeltal frå 2025

- 630 nye medlemskap vart starta i distriktet.
- Balestrand Røde Kors passerte den magiske 20 %-grensa og landa på 23,92 % av befolkninga – eit historisk resultat! Fem andre lokalforeiningar er med i «10 %-klubben»: Olden, Aurland, Vikane, Askvoll og Fjaler. Kanskje må vi snart etablere ein «20 %-klubb»?
- Sogndal Røde Kors er med sine 481 betalende medlemmar distriktet si største lokalforeining målt i relative tal.



VEGEN VIDARE

Framgangen i 2025 er ikkje tilfeldig – ho er resultatet av ein samla innsats mot eit felles mål. I 2026 løftar vi blikket endå høgare. Ambisjonen er å vidareutvikle dei prosessane som allereie har vist seg å vere treffsikre, sikre grønne tal for sjette året på rad – og ta steget over 6000 betalende medlemmar.

Med fem år på rad med vekst har Sogn og Fjordane Røde Kors vist kva som er mogleg når målretta arbeid, samarbeid og ekte engasjement får blomstre. Vi står sterkare enn nokon gong, og framtida ligg open – full av moglegheiter.

Opplæring, Henry og ettersamtale

Opplæring legg grunnlaget for all aktivitet i distriktet. Gjennom året bidreg gode og trygge kurshaldarar og instruktørar til at nye og gamle frivillige får kunnskap til å delta i våre aktivitetar. Kurshaldarane og instruktørane gjev viktig kunnskap om den aktuelle aktivitet og korleis vi gir upartisk humanitær hjelp i akutte kriser og til menneske i sårbare situasjonar.

KURSAKTIVITET

I 2025 har det vore registrert 42 kurs i Sogn og Fjordane. Totalt har vi hatt 594 deltakarar på lokale, distriktkurs og nasjonale kurs.

Det var svært positivt at vi fekk til eit stort digitalt kurs for omsorgsfrivillige – det var 94 deltakarar med på eit kombinert Startkurs- og Besøkenestekurs. Hjelpkorpsa har arrangert mange kurs og vi har fått mange nye frivillige i aktivitet.

På Kveik hadde vi ein god kurskatalog og hadde blant anna nye kurs som «Førstehjelp ved sjølv-mordsfare» og «Vidaregåande psykososial førstehjelp». Desse hadde bra med påmelde og fekk gode tilbakemeldingar.

KURSHALDARAR

Vi har hatt 6 deltakarar på digital pedagogikk og dermed nye kurshaldarar. I 2026 vil det bli laga ei oversikt over kurshaldarar som etter kvart vil vere tilgjengeleg på Korsveien.

Gjennom 2026 vil distriktet jobbe for å samle ei oversikt over alle kurshaldarane som også bidreg i opplæringsroller, samt å få flest mogleg godkjente etter den nye bestemmelsen for opplæring som vart vedtatt i juni 2024.

SAMLINGAR

I 2025 har det ikkje vore samling for kurshaldarane. Vi hadde fem frivillige på Opplæringssamlinga i september.

I 2026 er ynskje å få til regionale samlingar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

ÅRSMELDING ETTERSAMTALE

Ressursgruppe ettersamtale er samansett av Anita Nelissen Leirvåg, Helge Stølen og Hans Andenæs. Peder Jacobsen tok kurs i mai og kom inn i gruppa etter dette. Gjennom 2025 har vi hatt to møtepunkt, samt løpande dialog gjennom året for å følgje opp behov som er komne inn.

I 2025 har det vore gjennomført 12 ettersamtaler. Dette er ei god auke i bruk av tilbodet samanlikna med året før. I starten av 2025 fekk vi gjennom ei retningslinje for ettersamtaletilbodet i Sogn og Fjordane. Vi opplever at denne er godt kjend og at det har senka terskelen for å ta kontakt for å få ettersamtale. Det er gode rutinar, spesielt i hjelpekorpsset, for å få på plass ettersamtale i etterkant av aksjonar. Det har vore delt informasjon på samlingar, og ligg fast i Agenda.

Ein stor takk til ressursgruppa som stiller opp på kort varsel!

ÅRSMELDING HENRYTURNEEN

Vi tok nok ein gong imot praksisstudentar frå Høgskulen på Vestlandet. I år, som i fjor, var vi rundt i alle krikar og krokur i Sogn og Fjordane. Studentane gjer ein viktig jobb med å lære vekk førstehjelp til barn i alderen 3-8 år. Ungane er engasjert og lærevillige og studentane får god trening i kommunikasjon med barn!

I år hadde vi to rundar med studentar, og fekk besøkt 70 barnehagar og barneskular. Studentane har nådd ut med førstehjelpsopplæring til over 1700 barn i 2025. Dette er ny rekord og betyr at nye barn har fått opplæring eller repetisjon av livreddande førstehjelp. Det betyr at våre barn er godt rusta til å hjelpe til dersom små og store ting skjer.

I 2026 har vi også to puljer med studentar og vi har svært god påmelding!


Digitalisering og personvern

DIGITAL STRATEGI OG RETNING

2025 har vore eit år der den digitale utviklinga i Sogn og Fjordane Røde Kors har fått ei retning og eit tydeleg innhald. Etter fleire år med gradvis overgang til ulike nye system, har dette året blitt prega av ei heilt ny samordning gjennom Røde Kors system og den digitale strategien vår. Strategien er bygd på tanken om at alle frivillige skal ha tilgang til og kunne bruke Mitt Røde Kors og Korsveien, medan tillitsvalde og administrative frivillige skal meistre fleire av dei sentrale verktøya som Teams, Office 365, Søknadsportalen og Frivilligadministrasjon i Mitt Røde Kors. Strategien har blitt løfta fram og forankra i samlingar, der budskapet har vore klar: dette er eit felles prosjekt som skal gjere den frivillige kvardagen enklare, meir effektiv og tryggare.

BRUK AV DIGITALE VERKTØY

Gjennom året har frivillige og tillitsvalde i distrikta halde fram med å ta i bruk dei digitale løysingane, og bruken av systema våre viser ei tydeleg og stabil utvikling. I løpet av 2025 hadde 172 unike frivillige vore innom frivilligadministrasjon, og aktiviteten gjennom året var høg med over 25 000 registrerte endringar i systemet. Den jamne bruken gjennom året, med særleg høg aktivitet i mars, april og juni, viser at dei digitale verktøya er blitt ein del av kvardagen til mange. Tala fortel at både store og små lokalforeiningar er representerte i systembruken.



Bruken fordeler seg naturleg mellom foreiningar av ulik storleik og kapasitet, og dei største foreiningane hadde også flest pålogga frivillige. Det viktigaste er at alle foreiningane er inne i systema – nokre i stor skala, andre som dei første stega på ein veg som vil bli breiare i åra som kjem. Bruken av digitale løysingar er noko som byggjer seg opp over tid, og 2025 viser at heile distriktet er i gang.

Eit viktig grep i 2025 har vore å følgje opp lokalforeiningane direkte, og distriktskontoret har gjennom året besøkt elleve foreiningar. Desse besøka har handla om mykje meir enn teknisk støtte; dei har vore møteplassar for samhandling, læring og utvikling. Mange har fått opplæring i Mitt Røde Kors, hjelp med pålogging og støtte i

Frivilligadministrasjon, og fleire har fått demonstrasjon og hjelp med Teams og e-post. I tillegg har besøka vore ei viktig arena for å forankre digitalstrategien og gi frivillige og tillitsvalde tryggleik i bruken av dei nye systema. Den personlege rettleiinga er ofte avgjerande for å byggje digital kompetanse, og dei positive tilbakemeldingane frå foreiningane viser at dette er eit arbeid som blir sett pris på.

KVIFOR DIGITALISERINGA ER VIKTIG

Den digitale strategien legg stor vekt på kvifor denne utviklinga er nødvendig. Røde Kors skal vere ein trygg og moderne organisasjon, og ved å bruke felles digitale løysingar kan vi sikre betre informasjonsflyt, meir effektiv administrasjon og tryggare handtering av personopplysningar. Strategien understrekar kor viktig det er at mest mogleg informasjon blir lagra i Røde Kors sine eigne system, og minst mogleg på private PC-ar og utrygge plattformer. Dette er ikkje berre eit spørsmål om etterleving av lovverk, men også om å sikre god drift og klare struktur – både til dagleg og i situasjonar der Røde Kors må fungere som ein beredskapsaktør. Frivilligadministrasjon i Mitt Røde Kors, søknadsprosessar, opplæring og samarbeid på Teams er alt saman delar av eit større bilete der tryggleik, kvalitet og tilgjengelegheit er avgjerande.

PERSONVERN

Personvernarbeidet har naturleg vore ein del av digitaliseringsåret også i 2025. Rydding av data, rettleiing i trygg lagring og støtte til lokalforeiningane i handtering av opplysningar har vore sentrale delar av arbeidet. Det har vore viktig å hjelpe foreiningane med å forstå korleis dei digitale systema faktisk gjer det enklare å følge regelverk og gode rutinar, og å synleggjere korleis felles struktur og felles språk skaper tryggleik og føreseielegheit i heile organisasjonen.

RETNING VIDARE

Samla sett har 2025 vore eit år der retninga for framtida har blitt tydelegare. Med ein digital strategi på plass og eit distrikt som allereie er godt i gang, ligg mykje til rette for at 2026 skal bli året der endå fleire foreiningar tek nye steg, der pålogging blir enklare, og der nye system erstattar gamle. Besøksrundane vil halde fram, og distriktskontoret vil vere tett på dei foreiningane som ønskjer støtte. Målet står fast: enklare kvardag for frivillige, tryggare lagring av informasjon og betre verkøy for både humanitært og administrativt arbeid.

2025 viser at Sogn og Fjordane Røde Kors ikkje berre heng med i digitaliseringa – vi bygger ei digital retning saman, steg for steg, i eit år som både har styrkt fundamentet og peika framover.

Årsmøte og samlingar

LEIARSAMLINGA 2025

11. januar 2025, vart distriktet si årlege leiarsamling igjen arrangert på Thon Hotel Jølster på Skei. Etter at fjorårets samling vart avlyst grunna dårleg vær og raude varsel i store delar av distriktet, var det ekstra kjekt å kunne samle leiingar og tilsette i år. 62 deltakarar, fordelt på 48 lokal- og distriktstillitsvalde og 14 gjestar/tilsette, kunne sjå fram til ei produktiv og inspirerende start på Røde Kors-året 2025. Tillitsvalde frå 19 lokalforeiningar var påmeld.

Årets tema var «Leiarskap i kriser». Assisterande fylkesberedskapssjef Mari Severinsen innleidde om «Frivillige si plass i totalforsvaret», medan Bård Flattun Lilleeng, kommuneoverlege i Hyllestad, og Åge Wiberg Bøyum, leiar i Lærdal Røde Kors og med tallause oppdrag for ICRC bak seg, fortalde om «Sivilsamfunn i krig og konflikt» – med ulike innfallsvinkler.

Formiddagen vart avslutta med ein kort paneldiskusjon, der Sven Flo, nestleiar i Stryn Røde Kors og tidlegare ordførar i Stryn, stilte innleiarane følgjande spørsmål: Kva bør vi som frivillige leiingar gjere for å bu oss – på det utenkjelege?

Etter lunsj vart møtelyden engasjert i diskusjonsøvinga «Frivillig beredskap i usikre tider». I grupper vart deltakarane utfordra på kva Røde Kors lokalt kan bidra med i ulike scenario knytt til ulike tilstandar av internasjonal konflikt.

Tradisjonen tro fekk d-råda så orienterte om planar og prioriteringar for 2025, før samlinga vart avslutta med aktuelle tema som felles tilskotsmidlar til aktivitet og investeringar, lokale årsmøte og distriktsårsmøtet, og resultat av medlemsvervekampanjen 2024.

Distriktsstyrelseleiar Synøve Sande avslutta «Leiarsamlinga 2025» klokka 1600.

DISTRIKTSÅRSMØTET 2025

Årsmøtet i Sogn og Fjordane Røde Kors vart i 2025 lagt til Skei og Thon Hotell Jølster, helga 4.-6. april. Valmøta til Distriktsråd Omsorg og Distriktsråd Hjelpekorps vart avvikla på føremiddagen laurdag 5. april. Distriktsråd Ung hadde gjennomført sitt valmøte på førehand og arrangerte derfor ein ungdomsverksstad i staden. Sjølve distriktsårsmøtet vart haldt etter lunsj laurdag og søndag føremiddag.

Arrangementet samla totalt 121 deltakarar, der 100 deltok på sjølve årsmøtet. Av dei var 63 delegatar og 37 observatørar, og blant observatørane var 7 gjester og 11 tilsette frå distriktskontoret. 65 var lokalt tillitsvalde og 17 var tillitsvalde på distriktsnivå. 23 lokalforeiningar var representert.

Styremedlem i landsstyret, Sven Flo, medlem i landsråd hjelpekorps, Roy Worum, og politisk nestleiar i landsråd ungdom, Benedicte Andersen, var gjester på årsmøtet. I tillegg var Børre Jacobsen, Arne Dale og Odd Erik Loftesnes, tidlegare distriktsleiarar i Sogn og Fjordane Røde Kors, Ove Fortun og Morten Heggstad, fagansvarlege i Sogn og Fjordane Røde Kors Hjelpekorps, og Helge Stølen og Hans Andenæs, ressursgruppe ettersamtale, spesielt invitert.

Hilde Genberg, Natasha Lambert og Lea Laborie representerte United World College Red Cross Nordic (og Fjaler Røde Kors).

Distriktsleiar Synøve Sande opna møtet. Ordførar Jenny Følling ønskte velkomen til Skei på vegner av Sunnfjord Kommune, medan leiar i Jølster Røde Kors, Inge Erikstad ønskte velkomen på vegner av det lokale Røde Kors. Styremedlem i landsstyret i Noregs Røde Kors, Sven Flo, helsa årsmøtet på vegner av organisasjonen.

Agnar Aas (Aurland RK) og Bjørg Eikum Tang (Sogndal RK) vart valde til ordstyrarar for årsmøtet. Etter ei framsyning av «Årsmøtefilmen 2025», produsert av distriktskontorets Lene Sørøy Neverdal og Silje Bale, la nestleiar i distriktsstyret, Jon Atle Sagebø-Rise, fram distriktsstyret si årsmelding for 2024.

Distriktsårsmøtet godkjende framlagde forslag til årsmelding, samt rekneskapen for 2024, som presentert av dagleg leiar, Dag Hovland.

I sak Å-09/25 «Handlingsprogram for 2024-2026» presenterte dagleg leiar Dag Hovland distriktsstyret sitt forslag til handlingsprogram for 2024-2026. Årsmøtelyden deltok på gruppearbeid ved handsaminga av handlingsprogrammet. Nokre mindre endringar vart foreslått som følgje av gruppearbeidet.

Distriktsårsmøtet godkjende handlingsprogrammet for 2024–2026 med dei endringane som

vart innarbeidde i møtet. Nestleiar i distriktsstyret, Jon Atle Sagebø-Rise, innleia til sak Å-10/25 «Digital strategi for Sogn og Fjordane Røde Kors». Distriktsstyret sitt framlegg til vedtak var at "distriktsårsmøtet vedtek at framlagde digitale strategi skal gjelde som styringsverktøy for distriktet og lokale ledd sitt vidare arbeid med digitalisering og effektivisering av samhandling og drift". Dette vart einstemmig vedteke.

I sak Å-11/25 vart det vedteke at distriktsavgifta, som lokale ledd betalar til distriktet for kvar innbyggjar, vert sett til kr 0,- òg i 2025.

Justert budsjett for 2025 og rammebudsjett for 2026 vart godkjend. Som del av vedtaka låg mynde til distriktsstyret om å nytte inntil 10% av anna formålskapital i 2025 og 2026 til investering i utstyr.

I samband med sak Å-14/25 godkjende årsmøtet «Justerte lover for Sogn og Fjordane Røde Kors» med ein mindre endring i ordlyden i §13 f.

Årets val til nytt distriktsstyre bør det dvelast ved. Mangeårig leiar i distriktsstyret, Synøve Sande, tok ikkje attval som leiar. Nestleiar Jon Atle Sagebø-Rise var innstilt som ny leiar, og vart vald ved akklamasjon. Tidens yngste distriktsstyreleiar var eit faktum. Synøve Sande var innstilt, og vart vald, som ny nestleiar i distriktsstyret.

Synøve Sande blei som fortent heidra for sin innsats av Røde Korsarar frå fjern og nær.

Vala elles resulterte i at alle innstilte til verv vart valde ved akklamasjon. Synøve Sande avslutta sitt virke som leiar ved å presentere dei tillitsvalde i distriktsråda (som vart valde i eigne valmøte), og avslutta årsmøtet med å takke avtroppande styremedlemmer, valnemnda, kontrollkomiteen, gjester, ordstyrar, tilsette ved distriktskontoret, og ikkje minst, møtelyden for innsatsen under årsmøtet.

Under årsmøtemiddagen vart Jorunn Selseng Aasen og Nina Heggenes Gjermundstad tildelt Norges Røde Kors forteneestmedalje. Jostein Vedvik og Jon Atle Sagebø-Rise vart tildelt Norges Røde Kors forteneestdiplom med nål.

ÅRSMØTET 2026:

Distriktsårsmøtet 2026 vart lagt til Skei helga 20.-22. mars.

Distriktsstyret fekk i 2024 mynde til å gjere val av årsmøtestad, tal år på same stad, og eventuell rotasjonsgrad mellom stader. Pris på leveranse skal vere retningsgjevande faktor i distriktsstyret sine vurderingar. Distriktsårsmøtet legg til grunn at årsmøta framover vert lagt til stader så vidt sentralt i distriktet at flest mogeleg lokale ledd vert representert.

Resultatet av dette blei ein avtale over tre år med Thon Hotel Jølster på Skei. Hotellet skifter namn til Grand Hotel Skei, sommaren 2025.

NYVALDSAMLINGA 2025

Nyvaldsamlinga er eit relativt nytt, men viktig tilskot til arrangementskalenderen i Sogn og Fjordane Røde Kors. Føremålet med samlinga er å gi nyvalde leiarar ein god start, og å gje informasjon om, og opplæring i, ulike sider av det å vere leiar i Røde Kors.

På årets samling, onsdag 23.04.25, stilte vi spørsmålet; Kva betyr det å vere tillitsvald i Røde Kors? Gjennom praktisk øving diskuterte vi «kva er god kommunikasjon», før distriktskontorets leiar ga råd om god møtekultur i styre og råd. I tillegg var vi innom tema som «framdrift i styre og råd gjennom året», praktisk rettleiing i pålogging og tilgangsstyring til Røde Kors sine IKT-løysingar. Vi var òg innom tema som økonomi, beredskap, opplæring og oppfølging av medlemmer og frivillige.

Like viktig som det faglege innhaldet, er det sosiale – å opne dørene inn til Røde Kors. 17 tillitsvalde, fordelt på 8 lokalforeiningar deltok på årets samling.

KVEIK 2025

Inspirasjons- og læringshelga Kveik vart, som tradisjonen tilseier, gjennomført i nydeleg haustvær på Grand Hotel Skei (tidlegare Thon Hotel Jølster) helga 17.–19. oktober. Med fargerike fjellsider og Jølstravatnet som ramme, låg alt til rette for ei minneverdig samling.

I 2023 lanserte vi «Nye Kveik» med eit nytt og spennande oppsett – og det vart ein stor suksess! Med ei lita justering valde vi å vidareføre modellen i år, noko som gav programmet endå meir kraft og variasjon.

Fredagen starta med den tradisjonelle kurskvelden, før laurdagen baud på ei tankevekkjande morgonkveik, fagsamling søk og redning, fagsamling omsorg, samt kurs som styrka både kunnskap og engasjement. Nytt av året var ein inspirerande workshop for d-råd ung – ein frisk pust som engasjerte dei unge deltakarane.

Søndagen samla alle til ei ekte felleskveik – ei stund fylt med samhald, refleksjon og ny giv for beredskap og vidare innsats.

Fasit: 106 deltakarar påmeldt kurs fredag, medan morgonkveik trekte 100, fagsamling ungdom/omsorg 43 og fagsamling søk og redning 44.

99 deltok på kurs laurdag, medan 95 tok del i felleskveiken søndag. 24 lokalforeiningar var representerte.

Totalt 152 påmelde gir grunn til optimisme på vegner av frivilligheita i Sogn og Fjordane Røde Kors.

Fredag

12 kurs og temasamlingar vart gjennomført fredag; «Søknadskurs» med besøk frå Sparebankstiftinga, «Startkurs nye frivillige», «Grunnkurs psykososial førstehjelp», «Vidaregåande psykososial førstehjelp», «Førstehjelp ved sjølvmondsfare», «System for varsling», «FAKS KO», «Sambandskurs», «Aktivitetsleiar for barn og unge», «Vaketenesta», «Eit synleg Røde Kors» og «Migrasjonskurs». I kursevalueringane er det mykje skryt finne, både for opplegg og gjennomføring.

Laurdag.

